



Tor Ove Haugland har starta opprustinga av kjellaren i Gamleskulen. Det som skal skje i fyrste omgang er leggjing av nye kloakkleidningar og støyping av golv, opplysar nestleiar i Uskedal Utvikling Jan Erik Olsson. På renoveringslista står også oppgradering av det elektriske anlegget. Olsson opplysar at fyrste del av prosjektet også omfattar leggjing av leidningar fram til thaimat-vogna som skal vera på plass før påske i nærleiken av Grano.

Gamleskulen som vart reist i 1902 vert mykje brukt til møter og andre tilskipingar for tida og det er ikkje for mykje sagt at det tradisjonsrike huset har kome til heider og verdigheit att. Kva kjellaren skal brukast til er førebels ikkje bestemt. Ymse moglege føremål vert påpeika mann og mann imellom. Eitt av dei er galleri og eit anna ein form for turistkontor..

Eldre uskedelingar hugsar at kjellaren vart nytta til så mangt - til dømes til skuleføremål. Nokre hugsar at det til og med vart trenå på gong rundt juletreet der - vel å merka utan juletre men med stolpane som erstatning.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen